






Veslemøy Haugland - årets fjellgeit!

I Uskedalen er det sprekingar i alle aldrar. Det må vera konklusjonen etter merkeseremonien som turgruppa leia av Steinar Haugland avvika i Helgheim i kveld. Årets fjellgeit blant dei yngre vart Veslemøy Haugland medan Arne Hauge ikkje overraskande toppa lista blant dei eldre nok eingong. Han fekk 2012 poeng i fjelltrimmen dette året medan han før har vore oppe i 3314. Tordis Myklebust kom på andreplassen med 1734 og Trygve Haugland (født 1928!) på tredjeplassen med 795.



Kvinherad har 69 merkte turstiar og ein av dei startar midt i Uskedalen

Bygda har mange turentusiastar og ein av dei er Steinar Kroka som er svært aktiv som turleiar. I seniorgruppa går han att i nesten halve turprogrammet. Naturleg nok leiar han ein tur på heimlege trakter i Krokadalen 6. og 7. august,

men han går også i spissen frå Tveitedalen via Børsdalen til Uskedalen 28. august, Svartavatnet 8. mai, Mannsvatnet 26. juni og til Strandalshytta i Ryfylke midt i august.


Leiar i Kvinnherad Turlag Anne Kari Enes presenterte årets tilbod i Helgheim og hadde full dekning for det som kunne vera slagordet: **TURAR FOR ALLE.**

- Vi har eit høgt aktivitetsnivå også i år, slo ho fast og gjennomgikk mellom anna eit hovudturprogram der uskedelingane Kjell Yri og Mona Enes stadig vil vera på farten som turleiarar. Kjell og Ole Horn skal forresten allereie søndag leia den klassiske vårskituren på Nåso via Tveitedalen. Den plar samla stor oppslutnad og tilhøva vert rapportert som gode.

Anne Kari reklamerte mellom anna for Breidablikk og Fonnabu, dei to sjølvbetjente Fonna-hyttene som turlaget har ansvar for med omsyn til drift og vedlikehald og som er opne heile året.

Det var uttrekning av vinnarar i 2 omgongar. I den eine var Kristian Hansen, Sander Simensen, Trygve Haugland og Tordis Myklebust dei heldige. I den andre kom Tone Bakke, Synne Eikeland, Johan Saghaug Kroka og Ruth Sæle ut som vinnarar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Steinar Kroka - energisk turleiar som her presenterar turane til seniorgruppa